



# Innkalling av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 20.04.2021  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 14.00 - 17.00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Orienteringar:

Kl. 08.30-10.00 Presentasjon av 4 skular i Alver

kl. 10.00-11.00

-Dei psykososiale verknadane av koronapandemien for born og unge v/Eirik B. Utne-kultursjef og Kristin Moe-kommunalsjef

-Pilotprosjekt - kunst i rom v/Eiril B. Utne-kultursjef

kl. 11.00-14.00 Kommuneplanen sin Samfunnsdel v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef og Line Thuen Waage-prosjektleder

kl. 14.00 Ordinær sakshandsaming

## Sakliste

Saknr	Tittel
014/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/21	Godkjenning av møteprotokoll - 09.03.2021
016/21	Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver
017/21	Forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver
018/21	Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune - NY BEHANDLING
019/21	Handsaming og prioritering av søknadar om spelemidlar/tilskot til lokale kulturbygg i Vestland fylkeskommune 2021
020/21	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer - oppstart
021/21	Kulturverntenesta i Nordhordland - prosess samarbeidsavtale i Alver
022/21	Restopplag av bygdebøkene for Radøy og Meland
023/21	Meldingar og orienteringar til OKK - 20.04.2021

13. april 2021

Christel Villanger Håland  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID>  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.04.2021

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
014/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID>  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.04.2021

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
015/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021

### Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Arkiv: <arkivID>  
JournalpostID:  
Sakshandsamar:  
Dato: 24.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021
018/21	Ungdomsråd	19.04.2021

## Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til ordensreglement for grunnskulane i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 4. juni 2021.

### Politisk handsaming

Saka skal til handsaming i Ungdomsrådet og Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i denne omgang. Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021.

### Bakgrunn

Alver kommune skal gje forskrift om ordensreglement for den offentlege grunnskulen i Alver, jfr. Opplæringslova § 9A-10. Fram til denne ligg føre gjeld ei mellombels forskrift vedtatt administrativt.

Læring, trygleik, trivnad og toleranse er sentrale mål med opplæringa. For å oppnå eit godt læringsmiljø er det viktig å ha klare rammer. Eit ordensreglement skal bidra til eit velfungerande skulesamfunn ved at det blir gjevne reglar om korleis elevane skal ha det, kva elevane kan og ikkje kan gjere på skulen, og kva som skjer om reglane vert brotne.

Kvar skule skal ha eigne lokale ordensreglar tilpassa lokale forhold. Den einskilde skule sitt lokale ordensreglement vert eit tillegg til denne forskrifta.

Høyringsinstansane vert no inviterte til å gje si vurdering av framlegget.

### Saksopplysningar:

Ordensreglane er heimla i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 9A-10. Ordensreglane gjeld for elevane i grunnskulen, men vil og vere viktige for rektor, tilsette og føresette til elevar i grunnskulen.

Formålet med eit ordensreglement er å ha felles regler og rammer som er med på å bidra til eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal ha eit medvete forhold tilt ønska og akseptabel åtferd. Dette vil og bidra til å gjere oppfølging av uønska åtferd lettare. Kapittel 9A i opplæringslova viser både til eleven si rett til eit trygt og godt skulemiljø, og til at elevane skal delta i skulen si planlegging og gjennomføring av arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø. Elevråd, skulemiljøutval og samarbeidsutval der elevane er representert er viktige samarbeidsorgan ved utforminga av eit ordensreglement og dei må og høyrast for eit ordensreglement vert fastsett.

Framlegget til ordensreglement følgjer dei formkrav som ligg til ei forskrift. Ordensreglementet er heimla i opplæringslova § 9A-10. Reglementet seier noko om målsetjinga og verkeområde. Ordensreglementet gjeld for alle grunnskulane i Alver, og kan ikkje fråvikast. Den einskilde skule skal gje utfyllande særreglar tilpassa dei lokale forholda i tråd med det vedtatte ordensreglementet. Alver kommune sitt ordensreglementet gjev og føringar for korleis skulen sitt lokale ordensreglement skal utformast. Vidare seier reglementet noko om elevane sine rettar og pliktar, og gjev reglar for orden og åtferd. Ordensreglementet gjev og rammer for kva

sanksjonar som kan nyttast, korleis sakshandsaminga skal vere og når reglementet gjeld ifrå. Elevar og føresette skal kjenne til ordensreglementet.

Ordensreglementet gjeld i skuletida. Skulefritidsordninga er ikkje del av skuletida, og vil av den grunn ikkje bli omfatta av forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Alver, jfr. oppl. § 9A-1. Det vil bli utarbeida eige reglement for skulefritidsordninga.

Framlegg til forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver blir foreslått sendt på høyring til dei berørte partar. Dette gjeld samarbeidsutvalet (SU) ved kvar skule, skulemiljøutvala (SMU), elevråda ved kvar skule, foreldreråda (FAU) og dei tilsette sine organisasjonar. Høyringsutkastet blir og sendt Ungdomsrådet.

**Vedlegg i saken:**

09.04.2021

Framlegg til forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver

1540108

Arkiv: <arkivID>  
JournalpostID:  
Sakshandsamar:  
Dato: 26.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021
019/21	Ungdomsråd	19.04.2021

## Forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 4. juni 2021.

### Politisk handsaming

Saka skal til handsaming i Ungdomsrådet og Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i denne omgang. Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021.

### Bakgrunn

Alver kommune skal gje forskrift om ordensreglement for den offentlege grunnskulen i Alver, jfr. Opplæringslova § 9A-10. Ordensreglementet for grunnskulen gjeld i skuletida. Skulefritidsordninga og leksehjelpordninga er ikkje del av skuletida, og vil av den grunn ikkje bli omfatta av forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Alver, jfr. oppl. § 9A-1.

Skulefritidsordninga i Alver har egne vedtekter. I tillegg bør det opprettast eige ordensreglement. Det er no utarbeida framlegg til forskrift om ordensreglement for den kommunale skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver.

Kvar skulefritidsordning og leksehjelpordning skal ha egne lokale ordensreglement tilpassa lokale forhold. Det einskilde lokale ordensreglement vert eit tillegg til denne forskrifta.

Høyringsinstansane vert no inviterte til å gje si vurdering av framlegget.

### Saksopplysninger:

Ordensreglane er heimla i opplæringslova § 13-7, § 13-7a og forskr. oppl. § 1A-1. Alver kommune har og egne vedtekter for skulefritidsordninga. Formålet med ordensreglementet er å ha felles regler og rammer som er med på å bidra til eit trygt og godt miljø i skulefritidsordninga og leksehjelpordninga. Ordensreglementet gjeld for alle dei kommunale skulefritidsordningane og leksehjelpordningane i Alver, og kan ikkje fråvikast.

Det er utarbeida framlegg til forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver. På ein del områder kan reglementet for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga samsvara med grunnskulen sitt ordensreglement. Men det er t.d. ikkje heimel for bortvising frå SFO og leksehjelp.

Framlegget til forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver følgjer i stor grad framlegget til ordensreglement for grunnskulane i Alver.

Den einskilde skulefritidsordning og leksehjelpordning skal gje utfyllande særreglar tilpassa dei lokale forholda i tråd med det vedtatte ordensreglementet. Alver kommune sitt ordensreglementet gjev og føringar for korleis det lokale ordensreglement skal utformast.

Framlegget til ordensreglement følger dei formkrav som ligg til ei forskrift. Ordensreglementet er heimla i opplæringslova § 13-7, § 13-7a og forskr. oppl. § 1A-1. Framlegget til reglement seier noko om målsetjinga og verkeområde. Vidare seier reglementet noko om elevane sine rettar og pliktar, og gjev reglar for orden og åtferd. Ordensreglementet gjev og rammer for kva sanksjonar som kan nyttast, korleis sakshandsaminga skal vere og når reglementet gjeld ifrå. Elevar og føresette skal kjenne til ordensreglementet.

Ordensreglementet gjeld i opningstida til skulefritidsordninga og leksehjelpordninga.

Det skal bli foretatt ei evaluering av dagens organisering av leksehjelpordninga hausten 2021. Då vil det bli vurdert om det er behov for eit eige reglement for denne ordninga.

Framlegg til forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver blir foreslått sendt på høyring til dei berørte partar. Dette gjeld samarbeidsutvalet (SU) ved kvar skule, skulemiljøutvala (SMU), elevråda ved kvar skule, foreldreråda (FAU) og dei tilsette sine organisasjonar. Høyringsutkastet blir og sendt Ungdomsrådet.

**Vedlegg i saken:**

09.04.2021

Framlegg til forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver

1540117



Arkiv: <arkivID>  
JournalpostID:  
Sakshandsamar:  
Dato: 12.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/21	Eldreråd	19.04.2021
022/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	19.04.2021
021/21	Ungdomsråd	19.04.2021
018/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021
	Alver kommunestyre	

### Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune - NY BEHANDLING Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører alternativ 4 - kulturpris og frivilligpris, slik det går fram av rådmann sitt framlegg.

Prisane skal delast ut første gong i 2021.

#### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.  
Saka er sendt til uttale også til idrettsrådet og kulturrådet.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Saka var til behandling i OKK 10.11.20, men vart utsett. Saka vart sendt på ny høyring til frivillige lag/organisasjonar i Alver kommune 22. februar med høyringsfrist 19. mars 2021. Saka vart også lagt ut på Alver kommune si heimeside og gjort kjend i sosiale media.

Alver kommune skal ta stilling til om det skal innførast priser innan kultur- idrett og frivilligheitsområdet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur hadde saka til behandling 10.11.20. Saka vart utsett.

#### OKK- 064/20 innstilling:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur utset saka, og ber administrasjonen om tilleggsutgreiing på om ein av prisane bør vera uttrykk for Alversamfunnet si høgaste utmerking. Dersom det er kulturprisen som skal vera den høgaste utmerkinga, så må innhaldet i kultur- og frivilligprisen også vurderast.

#### Saksopplysninger:

Dei tre kommunane Radøy, Meland og Lindås, hadde ulik ordning med pristildeling.

Kommune	Kulturpris	Idrettspris	Frivilligpris	Merknad
Meland kommune	Kvart 4. år			Årleg tildeling av «kulturrosa»
Radøy kommune	Årleg tildeling	Delt ut annakvart år	Årleg tildeling	
Lindås kommune	Årleg tildeling	Lindås idrettsråd	Frivilligsentralen	

		delte ut pris årleg	delte ut pris årleg	
--	--	---------------------	---------------------	--

### Mål for utdeling av priser

Alver kommune har eit aktivt organisasjonsliv med stort mangfald. Mange ulike lag innan kultur, idrett og frivilligheit gjer ein stor innsats. Felles for desse er at dei legg ned ein betydeleg grad av frivillig innsats for å bidra til å gjere Alver samfunnet til eit godt sted å vere.

Alver kommune ønskjer å innføre ein prisordning som ei anerkjenning for aktiv innsats innan kultur-, idrett -og frivilligheit.

### Det kan synes som om dei mest nytta prisane i kommunal kultur- og idrettssektor, er følgjande;

**Kulturpris:** Ein kulturpris skal vere ein inspirasjon for einskildpersonar, lag og organisasjonar innan kulturfeltet.

**Idrettspris:** Som kulturprisen skal ein idrettspris vere ein inspirasjon, for utøvarar, trenarar og eldsjeler.

**Frivilligpris:** Ein frivilligpris skal vere ein inspirasjon for ein person eller ei gruppe som har gjort ein særskild frivillig innsats over fleire år, uavhengig av om det er innanfor kultur, idrett, helse- eller humanitært arbeid.

Kommunane praktiserer prisordninga på ulike vis. Nokre kommunar har fleire prisar, mens andre har berre ein pris.

### Nokre døme frå kommunar i Vestland

Kommune	Pris	Merknad
<b>Stord kommune</b>	<b>4 prisar</b> 1.Målpris 2.Eldsjelpris 3.Seniorpris 4.Pris for god tilgjenge	3. Seniorprisen - Prisen vert gjeven som ei påskjøning i høve det eldre bidreg til i samfunnet 4.Pris for god tilgjenge er ein pris som omhandlar tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne.
<b>Øygarden kommune</b>	<b>4 prisar</b> 1.Folkehelsepris 2.Frivilligpris 3.Kulturpris 4.Tilgjengepris	4.Pris for god tilgjenge er ein pris som omhandlar tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne.
<b>Voss kommune</b>	<b>2 prisar</b> 1.Highland staupe – (ski) 2.Kulturpris	Highland staupe: Pokalen er gjeven av Hr. Andrew Highland for utdeling til den idrettsmann eller kvinne som ved avslutta sesong har synt best prestasjonar på ski.
<b>Askøy kommune</b>	<b>4 prisar</b> 1.Kipekjerringa (kulturpris) 2.Askøybragden idrett 3.Askøybragden kultur 4.Frivilligpris	<b>Askøybragden</b> <u>Idrett:</u> Utmerkinga vert delt til den idrettsutøvar som har utført årets beste prestasjon, uansett idrettsgrein.  <u>Kultur:</u> Utmerkinga vert delt ut til den utøvar som har utført årets beste kultur prestasjon, uansett sjanger.
<b>Sunnfjord kommune</b>	<b>1 pris</b> 1.Kulturpris	Kulturpris til kulturaktørar og – personar, innanfor det utvida kulturomgrep.

### Må ein vere busett i Alver?

Det er viktig å drøfte om det berre er aktørar busett i Alver kommune som kan vere aktuelle for pris, eller om

aktørar busett utanfor Alver kommune, men med sitt virke i kommunen, kan vere aktuelle.

Aktørar innan kultur, idrett og frivilligheit busett i Alver kommune eller som har sitt virke i Alver kommune, kan også vere aktuelle kandidatar til pris. Ein må også ta stilling til om personar, lag eller institusjonar utanfor kommunen, som har bidratt til å gjere Alver kommune kjend utover landet på den kulturelle plan, vil kunne bli vurdert til pris.

Rådmannen har vurdert fire løysingar:

### **Alt 1: Tre prisar - kulturpris, idrettspris og frivillighetspris**

**Forslag:** Ein kulturpris  
Ein idrettspris  
Ein frivilligpris

Innføring av tre prisar innan kultur, idrett -og frivilligheit vil vere eit tydeleg signal om at innsats innan alle tre område er like viktige. Dette alternativ vil stå fram som ei løysing der dei tre prisane er sidestilte.

Dei tre nemnde prisane vil vere ein påskjøning for innsats og vere ein inspirasjon for andre innan dei tre områda.

I situasjonar der einskild person, lag eller institusjon utmerka seg med særleg resultatoppnåing, vil denne løysinga ikkje gje rom for ekstraordinær anerkjenning.

### **Alt 2: Overgripande kulturpris**

**Forslag:** Overgripande kulturpris som famnar aktørar innan kultur, idrett og frivilligheit  
Idrettspris  
Frivilligpris

Om kulturpris står fram som Alver samfunnets høgaste utmerking, vil alle innan kultur, idrett og frivilligheit vere aktuelle for prisen. Kulturprisen vil tydeleg representere den største anerkjenning Alver kommune kan gi for innsats innan kultur, idrett og frivilligheit. Kulturpris vil vere open for forslag frå alle lag/organisasjonar som jobbar innan den utvida kulturomgrepet.

Frivilligpris og idrettspris skal påskjønne innsats/måloppnåing innan frivilligheit og idrett. Kulturpris skal påskjønne innsats/måloppnåing innan kulturfeltet, men kan også nyttas til å påskjønne ekstraordinær innsats/måloppnåing innan idrett og frivilligheit. Kulturprisen vil då fungera som Alver kommune si høgaste utmerking innan det utvida kulturbegrep.

I praksis vil denne løysinga kunne medføre at aktørar innan idrett eller frivilligheit kan bli tildelt både kulturpris og idrettspris/frivilligpris same år. Aktørar innan kulturområdet kan oppleve dette som ein slags nedvurdering av deira innsats, at dei ikkje har ein eige pris slik som idrettspris og frivilligpris.

### **Alt 3: Ein felles pris for det utvida kulturbegrep**

**Forslag:** Felles kulturpris som famnar det utvida kulturomgrepet

I dette alternativet ser ein på kulturpris som famnar det utvida kulturomgrepet – kultur, idrett og frivilligheit.

*«Et utvidet kulturbegrep omfatter både det 'tradisjonelle' området: litteratur, kunst og kulturvern, ungdomsarbeid og idrett, men dertil også skapende fritidsvirksomheter som kan gi utfoldelse av egne anlegg og interesser.*

Sitat: «Ny kulturpolitikk. Tilleggsmelding til Stmeld nr 8. Stortingsmelding nr. 52»

Ein felles pris for området kultur, idrett og frivilligheit vil tydeleggjere betydninga av prisen. Ulempa med dette er at det kan vere vanskeleg for små lag/organisasjonar å nå fram i konkurranse med store, kjende aktørar. Dette er ein problemstilling som jury for prisen vil kunne ta omsyn til.

#### **Alt 4 Kulturpris og frivilligpris**

**Forslag:** Kulturpris som famnar kultur og idrett  
Frivilligpris

Ein kulturpris skal gå til einskildpersonar, institusjonar eller organisasjonar som har utmerka seg ved framifrå innsats innan det utvida kulturomgrep. Prisen skal vere Alver kommune sin høgst hengjande pris for innsats over lang tid.

I tillegg til kulturpris, tilrår rådmann ein frivilligpris. Frivilligpris handlar om å inspirere innbyggjarane til auka frivillig innsats samt sette fokus på frivillig aktivitet sin betydning for kommunens innbyggjarar.

Frivilligheit finn vi innan m.a. kultur, idrett og humanitært arbeid.

Ein eige pris for frivilligheit vil understreke betydninga av frivilligheitas eigenverd.

Det er ingen automatikk i at talet på priser førar til meir aktivitet eller entusiasme. Saka handlar om å velje den beste løysinga som kan påskjønne innsatsen innan kultur-, idrett- og frivilligheit.

#### **Innkomne høyringsuttale**

Det er kome 7 høyringsuttale.

#### **Alversund mållag**

I høyringsfråsegn datert 24.02.21 skriv Alversund mållag;

*«Tre jamstilte prisar er eit gode, då det ikkje vektar innsats på eitt felt opp mot eit anna. Alver kommune vil gjennom sjølve markeringa og gjennom grunnngjevingane stadfesta den statusen prisane skal få.»*

#### **Alversund kammerkor**

I høyringsfråsegn datert 08.03.21 skriv Alversund kammerkor;

*«Alversund kammerkor støttar alternativ 1 frå rådmannen: Alt 1: Tre prisar -kulturpris, idrettspris og frivilligheitspris»*

#### **Alver kulturråd**

I høyringsfråsegn datert 25.09.20 skriv Alver kulturråd;

*«Styret i Alver kulturråd er nøgd med at dei som mottar kommunal utmerking ikkje berre kjem frå det som er kulturelt og idrettsrelatert aktivitet. Det er viktig at kandidatar frå alle samfunns sektorar kan bli heidra, som til dømes innan religiøst arbeid, helserelatert arbeid, humanitært arbeid og seniorarbeid. [...]Styret i Alver kulturråd meiner at rangering av prisane er ein vanskeleg veg å gå. Då vil ein vekte frivillig aktivitet mot ein annan frivillig aktivitet. Styret er difor nøgd med at prisane har likelydande statuttar, premie og jury.»*

*Alver kulturråd held fast ved denne vurderinga. Tre likeverdige prisar utan skilje i status vil gje det beste høvet til å påskjønna den samla frivillige innsatsen i Alver kommune.*

#### **Alver idrettsråd**

I høyringsuttale datert 19.03.21 skriv Alver idrettsråd

«Framlegg til uttale: Alver idrettsråd vil rå til at det vert oppretta 4 prisar i Alver kommune:

1. Kulturprisen, 2. Frivilligprisen, 3. Kulturstipend, 4. Idrettsstipend

#### **Grunngjeving:**

1. Kulturprisen

Kulturprisen skal vera Alver kommune si høgaste utmerking og ei anerkjenning for framifrå innsats innan kultur, idrett eller frivilligheit over lang tid.

Kulturprisen skal vera sett saman av ein diplom og eit kunstverk, fortrinnsvis av ein lokal kunstnar.

## 2. Frivilligprisen

Frivilligprisen skal vera ein pris for særleg frivillig innsats innan kultur, idrett, humanitært arbeid eller helse over fleire år. Prisen omfattar såleis frivillig innsats både innan og utanfor «det utvida kulturfeltet»

Frivilligprisen skal vera sett saman av ein diplom og eit pengebeløp.

## 3. Kulturstipend

Kulturstipendet skal vera ei påskjøning til utøvarar/ledere som i året har synt gode talent/resultat innan kultur, uansett sjanger.

Kulturstipendet skal vera sett saman av ein diplom og eit pengebeløp avgrensa til kr. 30.000,-. Det kan delast ut inntil 3 stipend årleg

## 4. Idrettsstipend

Idrettsstipend skal vera ei påskjøning for utøvarar/trener/leder/dommer som i året har synt gode talent/resultat innan idrett, uansett idrettsgrein .

Idrettsstipendet skal vera sett saman av ein diplom og eit pengebeløp avgrensa til kr. 30.000,-. Det delast ut inntil 3 stipend årleg.»

### **Nordhordland turlag**

I høyringsuttale datert 19.03.21 skriv Nordhordland turlag;

*«Turlaget foreslår at kommunen har ein kulturpris, dvs. ein pris som i saksutgreinga omtalast som overgripande kulturpris som famnar alle organisasjonar. Denne vil henge høgt og truleg verte tildelt for «lang og tru teneste». Det skal vere ei stor anerkjenning å få ein slik pris.*

Ein kulturpris i vid forstand bør opprettast. Den vil truleg vert ein «heiderspris» for langvarig innsats. Ein Frivilligpris kan gjerne verte tildelt lag eller personar som har bidrege på viktige område i eit mykje kortare tidsperspektiv.»

### **Meland helselag**

I høyringsuttale datert 17.03.21 skriv Meland helselag;

«Styret i Meland Helselag vil prinsipielt tilrå at det vert oppretta 3 årlege prisar: «Det bør vera tre prisar i ein kommune med 30.000 innbyggjarar: ein kulturpris, ein idrettspris og ein friviljugpris»

### **Nordhordland Rotary**

I høyringsuttale motteke 12.03.21 skriv Nordhordland Rotary;

«Nordhordland Rotaryklubb har ikkje ei samla meining om kva modell som kan vera den kommunen bør gå for, men klubben har sidan 1991 hatt sin eigen pris – Kvardagshelten – som vi vonar kan vera nyttig for kommunen å ha kjennskap til i den pågåande prosessen.»

### **Kommentar**

Det er knytt lange tradisjonar til kulturlivet i Alver gjennom mange generasjonar, både det tradisjonelle kulturliv og det som omfattast av det utvida kulturomgrep. Mange frivillige legg ned eit stort arbeid kring i alle bygdene, gjennom idrett-, kultur-,kyrkje- og humanitært arbeid. Til saman bidreg dei alle til at Alver kommune er eit godt sted å leve.

Alle som har sendt høyringsuttale skriv at dei sett pris på at Alver kommune ønskjer å anerkjenne dette arbeidet gjennom tildeling av prisar.

### **Dei som støttar rådmann sitt forslag nr 1**

Det kan synes som om fleirtalet av dei innsendte høyringsuttale ønskjer at det vert innført tre prisar; kulturpris, idrettspris og frivilligpris – Alversund mållag, Alversund kammerkor, Alver kulturråd og Meland helselag.

Alver kulturråd, som representerer 46 lag/organisasjonar, skriv at *Styret i Alver kulturråd meiner at rangering av prisane er ein vanskeleg veg å gå. Då vil ein vekke frivillig aktivitet mot ein annan frivillig aktivitet. Styret er difor nøgd med at prisane har likelydande statuttar, premie og jury.*

### **Dei lag/organisasjonar som støttar forslag 4 – kulturpris og frivilligpris**

Det synes som at Alver idrettsråd støttar rådmann sitt forslag nr 4. Idrettsrådet representerer meir enn 40 lag, og tek til orde for at «kulturprisen skal vera Alver kommune si høgaste utmerking og ei anerkjenning for framifrå innsats innan kultur, idrett eller frivilligheit over lang tid. Frivilligprisen skal vera ein pris for særleg frivillig innsats innan kultur, idrett, humanitært arbeid eller helse over fleire år. Prisen omfattar såleis frivillig innsats både innan og utanfor «det utvida kulturfeltet». Idrettsrådet tek også til orde for kultur- og idrettsstipend. Denne ordninga blei innført i 2020.

Nordhordland turlag skriv i si høyringsuttale at ein kulturpris som famnar alle lag/organisasjonar, vil vere eit høgt hengjande pris for «lang og tru teneste». I tillegg til kulturpris, ønskjer laget ein frivilligpris til lag/organisasjonar som har bidrege på viktige område i eit mykje kortare tidsperspektiv.

### **Konklusjon**

Etter gjennomgang av høyringsdokument, tilrår rådmann alternativ 4 – Kulturpris og frivilligpris.

### **Vedlegg i saken:**

12.04.2021	Statuttar	1541335
12.04.2021	Alver kulturråd	1540248
09.04.2021	Alversund kammerkor	1540250
09.04.2021	Alversund mållag	1540251
09.04.2021	Meland helselag	1540254
09.04.2021	Nordhordland Rotaryklubb vedlegg 1 Kvardagshelter	1540255
09.04.2021	Nordhordland Rotaryklubb	1540257
09.04.2021	Nordhordland turlag	1540258
09.04.2021	Alver idrettsråd	1540247

Arkiv: <arkivID>  
JournalpostID:  
Sakshandsamar:  
Dato: 26.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021
	Alver kommunestyre	

## Handsaming og prioritering av søknadar om spelemidlar/tilskot til lokale kulturbygg i Vestland fylkeskommune 2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til kulturbygg i Vestland som følger:

- (1) Manger ungdomslag: kjøpentilbygg til Solvang Ungdomshus
- (2) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Alver kommune må prioritere søknadar til spelemidlar/tilskot til kulturbygg i Vestland på lik line som ved spelemidlar til ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Er det fleire søknader frå same kommune, må kommunen sende inn prioritert liste over søknadene, basert på politisk vedtak. **Søknadane skal sendast Vestland fylkeskommune innan torsdag 30. april.**

### Saksopplysningar:

Grunna datoen for møte i Alver kommunestyre den 06.05.2021, har Alver kommune fått utsett fristen for å ettersende den vedtekne prioriteringslista til 07.05.2021.

Saka var til uttale hjå Alver kulturråd i 2020 som slutta seg til prioriteringslista for søknadar til lokale kulturbygg. Saka har ingen endringar i rekkefølga av prioriteringane, anna enn at søknadane har rykka ein plass opp frå i fjor. Saka for 2021 har blitt sendt til Alver kulturråd, dei har ikkje kome med ny eller endra uttale.

Kommunen set eigen lokal søknadsfrist. I Alver kommune var den sett til 15. mars 2021. Eknesvågens venner har lagt inn ein søknad i anleggsregisteret den 8. april. Søknaden kom inn etter fristen og oppfyller ikkje dei vedtekne søknadskriteria for ordninga. Søknaden vert difor sett til «ikke i oden» i anleggsregisteret og ikkje sendt vidare til Vestland fylkeskommune.

Det ligg føre to gyldige søknader i Alver for 2021:

#### (1) Manger ungdomslag søker om tilskot på kr. 428.000 til kjøpentilbygg til Solvang Ungdomshus

Ungdomshuset Solvang vart bygd i 1919, og fungerer som ein kulturell møtestad i bygda. Manger Ungdomslag (MUL) er eigar og driftar av bygget, som vert drifta på dugnad. I 2014 vart bygget totalrenovert, unntateke kjøkenet då dette var for omfattande og kostbart til å ta i same operasjon. Styret har åra etter drifta huset med

overskot kvart år og spart pengar til å kunna ta fatt på kjøkenet.

Solvang er eit lekkert forsamlingslokale og ein flott samlingsplass som vert brukt av heile bygda. Huset vert også brukt til aktivitetar i regi av MUL som samlar deltakarar i alle aldrar, mellom anna «Frisko» (diskotek for barn/unge 5.-7. klasse, kor ungdommar i 9. og 10. klasse har ansvar for billettsal, kiosksal, dansemusikk og konkurransar/aktivitetar), dataparty for ungdomar 7.-10. klasse ein gong i året, grendafester og basarar.

LHL Radøy avviklar sine seniordansetreff i Solvang. Kvar veke samlast 30-40 seniorar for danseøving og sosialt samvær.

Solvang vert leigd ut til innbyggjar i kommunen som vil arrangere bryllaup, barnedåp, årsmålsdagar, konfirmasjonar, minnestund, barneselskap, 7. klassetreff, avslutning for konfirmantar, kurs, møter etc. Solvang vert leigd ut mellom 35-45 gonger i året til avvikling av ulike forsamlingar.

Kjøkkenet i Solvang er gammalt og utdatert. Størrelsen på kjøkkenet gjer det nesten umogleg å lage mat til mange frå grunnen av. Dei fleste nyttar difor catring, noko som er vanskeleg å få til på ein god måte pga. manglande areal og benkeplass på kjøkkenet. Førespurnader om å få arrangera bryllaup i huset har auka dei siste åra, men kjøkkenfasilitetane avgrensar dessverre bruken av huset:

- Val av kva meny ein kan velja vert avgrensa når maten ikkje kan lagast på kjøkkenet i Solvang.
- Tal på kjøkkenpersonell og servitørar må være færrest mogleg då det ikkje er plass nok til å jobbe om ein vert for mange.
- Manglande til luft og ventilasjon av kjøkkenet gjer det varmt og ubehageleg.
- Krav til ulike soner som skitten og rein, samt egen handvask som krevst ved tillaging av mat er ikkje tilfredsstillande.

For å sikre aktivitet og bruk i eit gammalt bygdehus er det viktig at huset er tilrettelagt for aktivitetane ein ynskjer å ha i huset. Styret ser, og får tilbakemeldingar på at det tronge kjøkkenet er ein hemsko ved enkelte aktivitetar i huset. Arealet som vert frigitt ved å flytta kjøkkenet i eit nytt tilbygg er også svært trengte kvadrat til lagring av bord og stolar.

MUL søker den fylkeskommunale ordninga om kr. 428.000. Dei skal leggje inn eigenkapital på kr. 702.000 og eigeninnsats (dugnad) til utrekna verdi kr 156.468. Totalkostnad for prosjektet er kr. 1.285.843.

Ungdomshuset Solvang har vore bygdas forsamlingslokale til alle anledningar i 100 år og styret ynskjer at Solvang skal vera eit forsamlingslokale som heile bygda kan ha glede av også i mange år framover.

Tilskot/spelemidlar frå Vestland fylkeskommune vil gjera dette mogleg.

Eit kjøkkentilbygg vil styrka Ungdomshuset Solvang som kultur- og samlingshus. MUL vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er i Alver kommune.

Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til kulturbygg i Vestland, med søknadssum 428.000 kr.

## **(2) Alver kommune søker om tilskot på kr. 6.786.000 til lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.**

Første spatak for Alversund framtidige barneskule vart tatt av dåverande Lindås kommune hasuten 2019.

Kulturdelen inngår i eit samla bygg med barneskule, fleirbrukshall, basishall, ungdomsklubb og avdeling for musikk/kulturskule-bruk. Alver kommune er eigar og vil stå for drift av bygningen når denne står ferdig hausten 2021.

Alversund er ein av dei største bygdene i Alver kommune, med nær 4000 innbyggjarar. Det er stor utbygging i området, og folketalet vil auka i åra framover. Bygda har eit aktivt kulturliv med grendalag, ungdomslag, kor, korps og aktivt kristenliv. I tillegg vil kommunen sjølv bli brukar gjennom desentralisert tilbod i kulturskulen.

Fleirbrukshallen vert utrusta med fast scene. Det vert bygd eige musikkrom med eit lite sceneplata for øving og mindre arrangement, samt tre separate øvingsrom. Det vert bygd lager for korps og møterom/kontor for frivillige lag. Det vert bygd kioskkjøkken samt eit større kantinekjøkken til bruk ved større arrangement. Hallen får auditorium til utleige for frivilligheita. Den sentrale delen av bygget er tilrettelagt som amfi, her vert det lysrigg og lydanlegg for gruppeframføring. Hallen elles får speakeranlegg, og hovudhall er bygd utan vindu og med dimming på lysanlegg.



Alver kommune søker den fylkeskommunale ordninga om kr. 6.786.000. Totalkostnad for tilrettelegging av Alversund framtidige barneskule som lokalt kulturbygg er berekna til kr. 20.360.875.

Alversund er ei aktiv og folkerik bygd i Alver kommune, med eit stadig aukande folketal. Eit lokalt kulturbygg som del av Alversund framtidige barneskule vil styrka bygda og kunna gje gode og naudsynete tilbod til innbyggjarane. Bygda og skulen vil òg stå betre rusta for framtida, og bli ein viktig sosial og kulturell del av Alver kommune.

Søknaden får prioritet 2 på ordninga for spelemidlar til kulturbygg i Vestland, med søknadssum 6.786.000 kr.

Arkiv: <arkivID>  
JournalpostID:  
Sakshandsamar:  
Dato: 07.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021
019/21	Eldreråd	19.04.2021
022/21	Ungdomsråd	19.04.2021
020/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	19.04.2021

## Temaplan for friluftslivets ferdsselsårer - oppstart

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vedtek oppstart av Temaplan for friluftslivets ferdsselsårer i Alver kommune.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Ungdomsrådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet. Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka vert også sendt på høyring til kulturrådet og idrettsrådet, og evt uttale frå dei vert lagt fram i møtet i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

### Bakgrunn

Det er eit nasjonalt mål at befolkninga skal utøva friluftsliv jamleg (jf. *Meld. St. 18 (2015–2016) «Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet»*), og det er grundig dokumentert at naturopplevingar og fysisk aktivitet har betydelege positive verknader både for psykisk og fysisk helse. På bakgrunn av dette initierte regjeringa i *Handlingsplan for friluftsliv frå 2018* eit fleirårig prosjekt – *Friluftslivets ferdsselsårer*. Målet med prosjektet er å fremja planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar for for å sikra eit attraktivt tilbod til befolkninga med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv.

Plan for friluftslivets ferdsselsårer i Alver kommune er tatt inn som temaplan i planstrategien i samband med rulleringa i 2021 og er også forankra i *Anleggsstrategi for Alver kommune 2020-2022*.

### Saksopplysningar:

Turstiar og andre ferdsselsårer for friluftslivet finn ein overalt. Nokre er utan tilrettelegging og vert brukt sporadisk av nokon få personar, medan andre er tett på der mange folk bur og har høg bruksfrekvens og stor slitasje. I dag manglar det ei samla oversikt over kva som finst av turstiar i kommunen, kva som er tilstanden på dei ulike stiane og korleis dei vert nytta. Dette gjer at ein manglar eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet med å utvikla og prioritera tiltak for friluftslivet i kommunen.

Ein plan for friluftslivets ferdsselsårer i Alver kommune kan gjennom kartlegging av no-situasjonen for ferdsselsårer og bruken av desse gje kommunen eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med friluftsliv i kommunen. Med det høge talet på turstiar og andre ferdsselsårer i kommunen er det likevel ikkje realistisk å gjennomføra ei kartlegging av alle desse i samband med dette planarbeidet. Rådmannen foreslår difor at ein avgrensar planen til å omhandla ferdsselsårene i nærområda til skular og nærsenter, samt ferdsselsårer med særleg høg bruksfrekvens og stort tilretteleggingsbehov som ligg utanfor nærsentra og skulestadene. Med denne avgrensinga vil ein få kunnskap om dei ferdsselsårene som er aller mest nytta, er utsett for mest slitasje og dermed har størst tilretteleggingsbehov.

Det er mål at planen skal:

- gje oppdatert kunnskap om ferdselsårer for friluftslivet og bruken av desse i alle sju nærsentra og kring alle skular i kommunen
- gje ei oversikt over tilretteleggingsbehovet på ferdselsårer og turmål i nærleiken av nærsentra og skulestadene og evt behov for tilrettelegging av nye ferdselsårer
- identifisera regionalt viktige ferdselsårer og behovet for tilrettelegging av desse
- gje oversikt over status for merking, skilting og gradering av turstiar og padleløyper etter nasjonal standard og sjå til at alle desse er meld inn til kartverket
- bidra til betre informasjon om ferdselsårer i kommunen ut til publikum
- identifisera problematiske startpunkt og tilkomst til stiar
- synleggjera potensielle og aktuelle konflikhtar med t.d. beitedyr, skogbruk, hundehald og viktige naturverdiar og foreslå løysingar for dette.
- vurderer tiltak for å sikra mykje brukte turstiar mot slitasje som følgje av høg bruksfrekvens og auka nedbørsmengd
- vera kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen, t.d. leggja dei viktigaste stiane inn i plankartet til kommuneplanen sin arealdel.
- vera ein del av kunnskapsgrunnlaget som skal sikra areal for friluftslivet i samband med byggesaker og arealplanlegging
- Peika ut strategiar for arbeidet med friluftslivets ferdselsårer i planperioden

### Planprosess

Planarbeidet skal følgja rettleiaren *M1292-2019: Plan for friluftslivets ferdselsårer* som Miljødirektoratet har utarbeida. I tråd med rettleiaren vil planprosessen bestå av fire steg:

1. Oppstart og forankring av prosjektet
2. Kartlegging av no-status med registrering av eksisterande data
3. Analysera og vurderer tiltak
4. Samanstilling vedtak av planen

Det er oppretta eit prosjekt med administrativ styring i samsvar med Alver kommune si prosjektstyring. Prosjektet høyrer til sektor samfunnsutvikling. Representantar frå Bergen og omland friluftsråd, turlaga, padleklubbane, kystlaga og bonde- og småbrukarlaga vil verta inviterte til å delta i referansegruppe. Det er også ynskjeleg med representantar frå dei ulike råda i referansegruppa. Skulane og lokale ressurspersonar vil verta førespurt om å bidra i samband med kartlegginga, og ein vil invitera interesserte til å koma med innspel. Om smittesituasjonen tillet det kan det verta aktuelt med innspelsmøte i løpet av planprosessen. Grunneigarar og andre som vert særskilt råka av forslag til nye tiltak vil verta kontakta spesielt, slik at dei får høve til å uttala seg og påverka planforslaget.

Plan for friluftslivets ferdselsårer skal samordnast og koordinerast med arbeidet med grøn mobilitet som skal resultera i mellom anna ein gåstrategi og ein sykkelstrategi, med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv, kommuneplanen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel. Dei viktigaste og største tiltaka vil verta tatt med i handlingsplanen i Kommuneplan for kultur, idrett og friluftsliv.

Målet er at planen skal leggjast ut på høyring i løpet av hausten, og at den skal vera vedtatt i løpet av 2021.

### Økonomi

Fylkeskommunen lyste i 2019 ut midlar til dette prosjektet som kommunane kunne søkja på. Både Radøy, Lindås og Meland kommunar søkte og fekk tildelt 60 000 kroner kvar til første del av arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune. Desse midlane er overført til gjennomføring av prosjektet i Alver kommune. Alver kommune har i tillegg søkt og fått tilsegn om kroner 60 000 kroner til gjennomføring av siste del av planarbeidet. Tilskota fylkeskommunen vil dekkja kommunen sine utlegg i samband med planprosessen, og ein del lønskostnader.

Arkiv: <arkivID>  
JournalpostID:  
Sakshandsamar:  
Dato: 09.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021

## Kulturverntenesta i Nordhordland - prosess samarbeidsavtale i Alver

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner at Alver kommune tek initiativ til drøftingar om samarbeid med Museumssenteret i Hordaland og kulturverntenesta i Nordhordland i høve punkta i vurderinga, og med aktuelle partar.

Evaluering av drøftingane og tilrådingar vert rapportert til utvalet, som grunnlag for eventuell vidare prosess.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

### Bakgrunn

I april 2005 vart rapporten *Museum Nordhordland* oversendt kommunane i regionen for vurdering. Ein av konklusjonane var at det burde opprettast ei stifting – ABM Nordhordland (Arkiv-Bibliotek-Museum). Lindås og Meland gikk ikkje inn for ei slik etablering, mens Radøy (og dei andre kommunane i regionen) slutta seg til.

Lindås og Meland viste til museumsreforma og fylkesdelplanen for museum, og Regionrådet Nordhordland arbeidde vidare med temaet på vegne av kommunane. Regionrådet nådde ikkje fram med ekstern finansiering av eit forprosjekt knytt til ein ABM-modell, og i 2006 tilrådde Regionrådet at ein knytte seg til den samtidig pågåande konsolideringsprosessen for musea i regionen. I dette arbeidet kom det fram at kommunanes del kunne vere som deltakarar i eit spleiselag om ei museumsfagleg stilling, saman med fylkeskommunen og staten.

Hordaland fylkeskommune oppretta i 2005 bygningsvern fagleg konsulentstilling for Nordhordland ved den dåverande *Museumstenesta i Salhus*. Det vart i Regionrådet sin prosess vurdert til at denne stillinga kunne gå inn saman med ei ny museumsfagleg stilling til ei ny museumsteneste for Nordhordland, innafor det konsoliderte museumsorganet. Kommunanes samla del for den nye museumsfaglege stillinga var rekna til kr 200 000.

Det vart utarbeidd ein intensjonsavtale, som definerte innhaldet for den nye museumstenesta og kommunanes økonomiske ansvar. Vidare var det utarbeidd framlegg til avtale knytt til konsolideringsdeltakinga og samarbeidet mellom kommunane og Museumssenteret. Avtalane vart handsama av kommunane i 2006, og den museumsfaglege stillinga tok til frå 2007. På same tid vedtok Radøy, Lindås og Meland å ikkje medfinansiere den allereie eksisterande bygningsvern faglege konsulentstillinga.

### Føremål

Samarbeid om ei ny museumsfagleg konsulentstilling medførte ei vurdering av at kommunane i regionen måtte vere representert i styret til det dåverande Museumssenteret i Salhus. Ei viktig oppgåve og bakgrunn var òg behovet for eit lokalt museumsnettverk for regionen, der det lokalhistoriske miljøet var deltakande. Stillinga vart i sakshandsaminga til Regionrådet skildra som *kommunane sin «inngangsbillett» til Museumssenteret i Salhus*.

Funksjonen til ei museumsfagleg konsulentstilling vart vurdert til å komplimentere lokale krefter og ha arbeidsoppgåver innan planarbeid, formidling og arbeid med ekstern finansiering til prosjekt og tiltak i regionen. Vidare skulle stillinga sikre samordning og samhandling mellom kommunane og aktørane i regionen.

#### Verkeområdet til museumsfagleg konsulentstilling i Nordhordland i tida etter oppretting

Erfaringa ved stillingas verkeområde, og som vidare kjem fram av årsrapportar til Museumssenteret i Hordaland, er at stillinga i mindre grad har hatt sitt verke i Alver og del av utviklinga innan museums- og kulturvernfeltet i regionen. Dette har vorte forsterka dei siste fem åra, der prosjekt- og samarbeidsporteføljen har vore svak i vår kommune, og stillinga har hatt verkeområde knytt nærare til det konsoliderte museets drift og verkeområde andre stadar.

Samstundes har den bygningsvernfarelege konsulentstillinga hatt høg aktivitet i Nordhordland, av stor verdi for både kommunane og private aktørar, ved å yte kostnadsfri og djup kompetanse for kulturvernfeltet i regionen. Dei to stillingane har dei siste åra vore del av *Kulturverntenesta i Nordhordland*, og medfinansieringa frå kommunane til museumsfagleg konsulent har i praksis vore nytta til drift av tenesta generelt, inkludert bygningsvernfareleg stilling.

#### **Saksopplysninger:**

Med bakgrunn i museumsfagleg stilling sitt avgrensa verke i regionen, i tilhøve kostnadane for kommunane ved denne stillinga, og det erfarte behovet for stillingsfunksjonen gjennom dei 12 åra den då hadde fungert, vart det i økonomiplanhandsaminga i Alver i 2019 lagt inn eit kutt på medfinansieringa av stillinga. Kuttet tilsvara kr 200 000, som var det dei tre kommunane som vart Alver totalt betalte i 2019.

Kuttet er ikkje gjennomført med grunnlag i at stillinga er festa i to avtalar, derav sjølv konsolideringa/samarbeidet, med fylkeskommunen og staten som partnarar i utkanten av avtalane, og med 15 månadars oppseiingstid av den eine avtalen.

I brev den 16. oktober 2020 oppmodar Vestland fylkeskommune Alver til å medfinansiere bygningsvernfareleg konsulentstilling. Fylket peiker på tilsvarande stillingar andre plassar, føremålet ved desse og den faglege verdien av dei. Rådmannen vurderer òg at den bygningsvernfarelege stillingsfunksjonen er avgjerande for bygnings- og kulturvernarbeidet i regionen.

Vidare vurderer fylkeskommunen at det er behov for at Alver kommune reforhandlar avtalen med Museumssenteret i Hordaland.

I møte mellom Museumssenteret i Hordaland (inkludert kulturverntenesta) og Alver kommune ved administrativt ledd januar 2021, kom det fram at MUHO ønskjer avklaring og har eit tydeleg ønske om vidare samarbeid. Partane var frå fagsida generelt samde om at eit samarbeid burde vere oppgåvebasert, og ikkje vere knytt til ei konkret stilling når behovet kan variere i åra som kjem og i kommande planperiodar med lenger perspektiv.

Dette samsvarar med praksisen det siste tiåret, der ein har samarbeidd om oppgåver og prosjekt og tilrettelagt for at private eigarar kan få rådgiving frå MUHO sin høge bygningsvernkompetanse.

#### Eksisterande avtalar

Alver kommune har arva to avtalar knytt til denne delen av museumsfeltet; ein avtale knytt til sjølv opprettinga av museumstenesta for Nordhordland og tilhøyrande museumsfagleg konsulentstilling, og ein avtale knytt samarbeidet mellom kommunane og Museumssenteret i Salhus gjeldande nemnde stilling.

(1) Avtalen om oppretting av Museumstenesta for Nordhordland, omhandlar føremålet til tenesta, organiseringa og verksemda til tenesta. Denne skal supplere dåverande kulturvernteneste (bygningsvernfareleg stilling), og avtalen gjer greie for oppgåver og økonomiske tilhøve. Det er ikkje oppseiingstid på denne avtalen, der fylket og stat er partar på utsida av avtalen.

(2) Samarbeidsavtalen konkretiserer desse tilhøva, og pliktar Museumssenteret til å halde eit årsverk knytt til omtalte museumsfarelege konsulentstilling, greier ut utgangspunkt for økonomisk bidrag frå kommunane, geografisk avgrensing for verkeområdet til stillinga, ansvar/mynde, rollefordeling og styredeltaking i tilhøvet mellom kommunane og Museumssenteret. Samarbeidsavtalen er i hovudsak ankra i at ein samarbeider om

nemnde stilling, og partane er kommunane og Museumssenteret, med oppseiing på 15 månadar.

#### Vurdering

Rådmannen vurderer at avtalane må reforhandlast med nytt og oppdatert formål i høve dagens situasjon, Alver kommunes forvaltning innan kulturvernfeltet, praksis ved MUHO si drift av kulturverntenesta, samt kommande planprosessar og lokalpolitiske prioriteringar for feltet i Alver – eller avsluttast. Avtalanes innhald knytt til styrerepresentasjon og kommunens deltaking i Museumssenteret er likevel generelt av høg verdi.

Økonomien knytt til medfinansiering av museumsfagleg stilling er kutta i Alver si økonomiplanhandsaming. Rådmannen vurderer at når tidlegare års overføringar i praksis har finansiert ei anna stilling enn det avtalane visar til, og som opphavleg vart vedtatt at ein ikkje skulle finansiere, bør ein vurdere dette på nytt i ein ny kontekst.

Rådmannen vurderer vidare at det er naudsynt med ein ny prosess som kan ta med seg essensen og perspektiva frå prosessen i åra 2005–06, men sikre omsyn til dagens situasjon samt omsyn ved planprosessane i Alver.

Rådmannen ønskjer derfor å starte drøftingar med partane i avtalane: kommunane i regionen, Vestland fylke, Museumssenteret i Hordaland og evt. Staten, med mål om å avklare tilhøva for framtidig samarbeid knytt til naudsynt kompetanse for offentlege og private eigarar i regionen. Vidare vil Rådmannen peike på den nyoppretta kommunale tilskotsordninga for aktørar av særskild verdi.

Mål for drøftingane vil vere:

- Avklare partanes haldning til oppgåvesamarbeid knytt til museums- og bygningsvern fagleg kompetanse i Nordhordland
- Avklare kostnads- og organisatoriske perspektiv ved eventuelle fornya samarbeid
- Evaluere i samstilling med pågåande planarbeid i samfunnsdelen og kommande planarbeid knytt til KDP kultur, idrett og friluftsliv
- Rapportere tilråding som grunnlag for eventuelle vidare prosessar, tiltak og politiske prioriteringar til utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### **Vedlegg i saken:**

13.04.2021	Referat - møte mellom Museumssenteret i Hordaland og Alver kommune 22.01.2021	1540786
09.04.2021	Vedrørende kommunal medfinansiering av bygningsvernkonsulentstilling ved Museumssenteret i Hordaland	1540787
13.04.2021	Avtale bygningsvernstilling mu og hfk	1540886
13.04.2021	Intensjonsavtale mellom kommunane i Nordhordland om oppretting av Museumstenesta for Nordhordland	1540888
13.04.2021	Samarbeidsavtale mellom kommunane i Nordhordland og Museumssenteret i Salhus	1540889

Arkiv: <arkivID>  
JournalpostID:  
Sakshandsamar:  
Dato: 24.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021

## Restopplag av bygdebøkene for Radøy og Meland

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur stiller seg positive til løysing for restopplaga, som skissert i saka

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

### Bakgrunn

Radøy kommune ga i perioden 2006–2014 ut fem bind av *Radøy gjennom tidene*. Det er i dag eit restopplag på kring 5 500 bøker, som er lagra hos Vigmostad & Bjørke. Forlaget ønskjer å avslutte avtalen då etterspurnaden er låg. Vidare kostar avtalen i dag kr 42 000 i året, i tillegg til 15% distribusjonsavgift.

Samstundes er det eit restopplag på kring 5 000 bøker av *Mellom bakkar og berg: Gard og ætt i Meland*. Dei tre banda vart gitt ut av Meland kommune i 2004. Desse er lagra i kommunens eigne lokale, med låg etterspurnad.

### Saksopplysningar:

#### Vurdering

Saka er utløyst av at Vigmostad & Bjørke ønskjer å avslutte avtalen gjeldande *Radøy gjennom tidene*.

Avtalen har òg ein høg kostnad, og bøkene har eit lågt sal. Det er ikkje rom for å lagre dei 28 pallane med bøker frå Vigmostad & Bjørke i kommunale lokale på ein god og trygg måte. På same vis sel Meland-bøkene lite, og tek opp verdfullt lagringsareal i kommunale lokale.

Rådmannen vurderer at restopplaga for dei to bygdesogeutgjevingane ikkje vil selje ut i overskueleg framtid. Dette er ein naturleg og forventa situasjon, der lokalhistoriske utgjevingar normalt sel høgt dei første åra, og sidan har eit stabilt men lågt sal.

Rådmannen ønskjer derfor å redusere restopplaga ved å selje boksett på kampanje i løpet av 2021, samt tilby sett til høvesvis institusjonar, skular, lag, organisasjonar og ideelle og offentlege aktørar og tenester i regionen. Måltal for restopplag for framtidig sal, etter kampanjeperiode, er 200 per utgjeving – totalt 1 600 bøker. Desse vil kunne lagrast i kommunale lokale på ein trygg måte. Kampanjen vil gjennomførast i samarbeid med innbyggjarservice og andre aktuelle aktørar. Eventuelle bøker over måltalet, som ikkje vert selt eller gitt vekk i løpet av kampanjen, vil verte kasserte.

Alver kommune har opphavsretten til bøkene, og åndsverket vert tatt i vare ved denne løysinga. Dersom ein i framtida ser behov for nye opplag, kan dette gjerast til ein lågare kostnad enn ved å oppbevare dagens restopplag på over 10 000 bøker over ei lenger årrekke. Ein kan òg forvente at Nasjonalbiblioteket vil kunne gjere utgjevingane digitalt tilgjengelege i løpet av det kommande tiåret. Det eksisterande salet i dag er til dømes knytt til slektsforskning i ulike delar av landet, og ein vil kunne forvente at ei digital utgåve fritt

tilgjengeleg vil minimere salet ytterlegare.

Det vert vurdert at ei slik løysing oppfyller formålet med bokutgjevingane, ved å sikre at så stor del av restopplaga som mogleg vert å finne i bokhyller i Alver, og ikkje på lager.

Det er òg restopplag av andre kommunale bokutgjevingar som kan vurderast nærmare, og Rådmannen ønskjer å vurdere desse som del av kampanjen ved høve. Tilsvarande måltal for restopplag etter kampanje vil då gjelde.



Arkiv: <arkivID>  
JournalpostID:  
Sakshandsamar:  
Dato: 13.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021

### Meldingar og orienteringar til OKK - 20.04.2021

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### Saksopplysningar:

Meldingar og orienteringar som vert gjeve i møtet:

Kl. 08.30-10.00 Presentasjon av desse 4 skulane:

- Rossland skule v/rektor Trine Rønn-Aar
- Ostereidet barneskule v/rektor Johnny Danielsen
- Knarvik ungdomsskule v/rektor Morten Olsen Schulstad
- Meland ungdomsskule v/rektor Morten Skjelberg Rosvold

kl. 10.00-11.00

1. Dei psykososiale verknadane av koronapandemien for born og unge v/Eirik B. Utne -kultursjef og Kristin Moe-kommunalsjef
2. Pilotprosjekt – kunst i rom v/Eirik B. Utne-kultursjef

kl. 11.00 – 14.00 Kommuneplanen sin samfunnsdel v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef og Line Thuen Waage-prosjektleder